
Traditional singing
from Norway

ragnhild furholt trio

VÅREVINDEN

Ragnhild Furholt – Anders Erik Røine – Elisabeth Vatn

Eg er vaksen opp i Songdalen i Vest-Agder, men har nå vore bussett lengst i Telemark, heilt sidan 1989. I dette fylket blomstrar folkesongen kan hende meir enn nokon annan stad i landet, og eg syng gjerne dei flotte visene her. Likevel kjenner eg meg meir heime i songmaterialet frå Agder, og det er mykje å gripe fatt i. Spesielt i Vest-Agder er det svært få som syng dei gamle visene og steva.

Eg har vore så heldig å få møte eldre songarar med ein særprega stil. Repertoaret har eg såleis både direkte etter eldre songarar, etter arkivopptak og eg har tolka eldre notenedteikningar. Gjennom dette prosjektet har eg eit ønske om at stoffet som blir presentert skal inspirere folk til å bruke det og få lyst til å leite fram endå meir. Det finst så uendeleg mange songar som bør vekkast til live.

Samarbeidet med to ihuga multiinstrumentalarar begynte som del av ein konsertserie i tilknytning til boka «Folkesong i Vest-Agder» som Vest-Agder fylkeskommune og underteikna gav ut på Portal forlag i 2016. Der finst det også to cd-ar med ulike songtypar.

Heldigvis er det fleire enn eg som lar seg inspirere av dei vakre melodiane, og gode naboar kan ein spørre om så mangt. Ein rusletur på eit par minutt fører meg fram til ingen ringare

enn Anders Erik Røine (f. 1971)! Han er eit oppkome av nye og gode idéar, og spelar stort sett på det han får tak i, ofte på uvanlege måtar – som å stryke på gitar. På denne cd-en spelar han på gitar, langeleik, hardingfele og munnharpe. Ein av Anders sine mange samarbeidspartnarar er oslojenta Elisabeth Vatn (f. 1973). Ein telefon til henne, så var Ragnhild Furholt trio på plass! Elisabeth er først og fremst pianist og organist, og ho er ei av få i Noreg som spelar svensk/nordisk sekkepipe. Det er trøorgelet som blir mest brukt her, men også klarinett, meråkerklarinet og calimba. Både Anders og Elisabeth har deltatt på fleire cd-prosjekt med folkemusikk og på tvers av ulike stilistiske sjangrar. Begge er godt innafor folkemusikksjangeren samstundes som dei tilfører noko nytt. Samla sett gjer dette at eg både geografisk, sjangermessing, musikalsk og kangleg kjenner meg heime.

Takk til Tor Magne Hallibakken i Hallibakken studio for godt samarbeid og for at han så raust stilte heimen sin til disposisjon! Takk til Eva Karlsson Design for arbeidet med design og ein god porsjon tolmod!

Bø, våren 2018
Ragnhild Furholt



FOTO: KNUT UTLER

Når vårevinden suser

Ole Mørk Sandvik (1875–1976) har notert ned denne visa på Knaben etter Olav Åmlid (1908–1984) som var frå Sirdal. Sandvik noterer i ein parentes at teksten i siste linje skal vere: «vi skal med tiden findes og aldri skiljes mer». Om melodien har han tilføydd denne kommentaren: «Ovenstående skal være en brudemarsj etter Nils Stubstad i Finland, 'den beste spillemann på Sørlandet', – død ca. 1850 som meget gammel mann.»

Når vårevinden suser, og solen gjør naturen blid,
og havets bølger bruser, då tenker jeg på dig
du ømme elskerinde, jeg dig vil atter se,
du skal med tiden vindes, og aldri skiljes mer.

Ragnhild: Song

Anders: Hardingfele

Elisabeth: Trøorgel

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild

Rosensfolen

Denne visa var ei av dei første eg lærte av Jens Røyndid (1899–1989) frå Åseral. Han fortalde at han hadde balladen om «Rosensfolen» etter Gyro K. Austegard (1853–1927). Teksten under skreiv Knut Liestøl ned etter henne i 1917. Gyro fortalde: «Der va ei jomfru sum hadde so ven ein fole, dei kadda Rosensfole. So ville han inkje eta utan ho gav han. So va der ei gong ho vill reisa ti eit anna lann, aa so ville han vera mæ henne, aa ho visste inkje aa få reist ifrå han.» (Liestøl 1955: *In Memoriam* s. 37).

Dei sette Rosensfole for laasane fem,
– sadel mæ marmore steina –
men Rosensfole braut adde dem.
– Han rinder i sine silketauma. –

Dei sette Rosensfole for laasane ni,
men Rosensfole braut adde di.

Aa Rosensfole sprang paa sunne aa saam,
femtaan mil ti de fysta lann.

Skjøn jomfru ho sto i høienloptssvali
so saag ho Rosensfole paa sjøen kaam farans.

Ho klappa Rosensfole paa lenn,
«Aa Rosensfole guj (Gud gjev) du va naa kje sprengd!»

Dei breidde skarlagen fraa straannæ aa heim
aa Rosensfole der ette trein.

«Ha de 'kje vore for mannetale,
– sadel inne mæ marmore steina –
so ha eg Rosensfole i mollæ silt grave.»
– Han rinder i sine silketauma. –

Ragnhild: Song

Anders: Gitar

Elisabeth: Trøorgel, calimba

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild

Espelandsjenten'

Etter Trygve Eftestøl (1901–1993), Fjotland.

Espelandsjenten om dei e' ringe,
om dei e' ringe
dei e' for gode te kasta bort :/
/: Penga' he' dei, penga på renta :/
Espelandsjenten om dei e' ringe,
om dei e' ringe,
dei e' for gode te kasta bort.

Ragnhild: Song

Anders: Munnharpe

Arr: Anders, Ragnhild

Du lille skare

Denne salmen er etter Fredrik Bransdal (1893–1972) frå Grindheim. Den opprinnelege teksten er skriven av den svenske salmediktaren, songarpredikanten og organisten Jöel Blomqvist (1840–1930), Stockholm.

Du lille skare som er på reise
igjennom ørknen til himmelen.
Ak vær ei bange hvad enn deg møter
Snart skal du skue Jerusalem!
Snart skal du skue Jerusalem!

Det går igjennem, det mørkner ikke
I jammerdalen, Gud være pris!
Hvad enn der møter deg under ferden,
Vi skal dog samles i Paradis!
Vi skal dog samles i Paradis!

Vår Gud er med oss, og han skal bære
På faderarmer sin lille flokk,
Så syng i sorgen, ja syng i døden,
I Jesu løfter er trygghet nok!
I Jesu løfter er trygghet nok!

Ragnhild: Song

Elisabeth: Trøorgel og meråkerklarinet

Arr: Elisabeth, Ragnhild

Å gjev eg var heime

Etter Trygve Eftestøl (1901–1993), Fjotland.

Å gjev eg va heime og heime va her,
å grauten va koka og lagt uti smør,
å døren va lukka så ingen slapp inn,
å eg sad i fangje på kjærasten min.

Ragnhild: Song

Anders: Hardingfele, song

Elisabeth: Trøorgel, song

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild

Nøkken

Melodien og strofe seks i denne balladen er etter opptak med Albert Grostøl (1911–2002) frå Eiken. Han song bare dette eine verset, som eg etter kvart fann ut måtte vere frå den kjende balladen som for det meste går under nemninga «Villemann og Magnhild». Folkemинnesamlaren Tore Bergstøl (1884–1970) frå Vigemostad har skrivne ned denne visa frå ein stad i Vest-Agder, truleg i Spangereid, med tittelen «Nøkken. Omkvedet her er annleis enn i versjonen til Grostøl.

Det er heller ikkje uvanleg at hovudpersonane i visa har ulike namn. I versjonen frå Vest-Agder er hovudpersonane «Kong Magnus og brure» i staden for «Villemann og Magnhild». Handlinga har rot i den legendariske segna om «Orfeus og Eurydike».

Nøkken saag dei mest aldri, men høyrde han av og til. Han heldt seg i vatnet – i fossar og holar, men og i vatn og tjørn.

Ute ved sjøkanten heldt han seg helst i vikar og sund. Der høyrde dei han ropa: «Hu – u – over!» Daa ville han lokka folk til seg.

I Vendlands aa var det ein nøkk som hadde teke ti brurer ifraa ein konge som heitte Magnus.

Om morgonen daa han skulde reisa til kyrkje med den tiende brura, tok ho til aa graata.

Daa spurde han:

Græde du aager hell græde du eng?

– *Gron ære de linden over alle.* –

Hell græde du for du ska sova i mi seng?

– *Mæ runer skulle ein vinna.* –

(– *Å raunar så kunne man vinna.* –)

Saa svara ho:

Inkje græd eg aager, og inkje græd eg eng.

Aa inkje græd eg for eg ska sova i di seng.

Han:

Græde du sadel, hell græde du hest?

Hell græde du for du er meg fest?

Ho:

Inkje græd eg sadel og inkje græd eg hest.

Aa inkje græd for at eg æ deg fest.

Eg græde nok hell for mitt gula haar,
som ska rotna i Vendlands aa.

Me byggje ei bro å den ut av bly
å Nykkjen han skin og der unde fly.

– *Å raunar så kunne man vinna.* –

Daa dei saa reiste til kyrkja, sette kong Magnus vakt um brura. Dei skulde rida ved sida hennar og passa paa henne naar dei reid over Vendlands aa. Daa dei var komne fram, spurde kong Magnus etter brura.

Kong Magnus han seg tebagaars saag.

Kor æ naa brua som de sku passa paa?

Daa svara ein av vaktmennene:

Nei saa helpe meg Gud, me n inkje saag.

siaan me va mæ Vendlands aa.

Saa snudde dei og reiste attende til Vendlands aa. Der tok kong Magnus til aa spela paa harpa si.

Nøkken:

Kong Magnus, kong Magnus,

du stilla maa din lyd!

aa du ska faa atte di yngsta bru.

Kong Magnus:

Slett inkje saa stille eg min lyd for deg

untagen eg fære de alle ti.

Nøkken:

Dei ni dei kan du naa gjedna faa

Men den tiene he dei bodnan smaa.

Kong Magnus han spelte dæ føste
saa laue av kvistan drøste.

Kong Magnus spelte dæ andra
saa hodnan på krettores skangra.

Kong Magnus han spelte alt det han vann.

– *Gron ære linden over alle.* –

Saa spelte han nøkken smaa som sann

– *Mæ runer skulle ein vinna.* –

(Bergstøl 1930: *Atterljom* 2, s. 71–73).

Ragnhild: Song

Anders: Hardingfele

Elisabeth: Troorgel

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild



FOTO: SVEIN BJØRNÅS

Gjest Baardsens Kjærlighetsvise

Visetekstane til Gjest Bårdsen har vore populære og blitt spreidde over store delar av landet. Karoline P. Vatne (1901–1981) frå Eiken er kjelda til denne varianten. Visa er opprinneleg lengre enn versjonen her.

Jeg beiled engang til en Pige saa skøn,
Hun var mig saa god, og hun hørte min Bøn,
Vi loved' gjensidig med Haand og med Mund
Hinanden at elske til sildigste Stund.

Hun var i Livets den fagreste Vaar,
Var nylig indtraadt i sit attende Aar,
Saa blid som en Engel, sa frisk som en Hind
Med Roser og Liljer paa blomstrende kind.

Ja, elskede Tina, da var du saa huld,
Dit Hjerte var rent som det lutrande Guld,
Da var du saa kjærlig, saa øm og saa tro;
Kun Døden, du sagde, kan skille os to.

Nu gaar jeg mismodig bedragen og glemt,
Mit Sind og min Harpe vemodig er stemt,
Mindst havde jeg ventet mig saadant af dig.
Dog aldrig, nei aldrig du glemmes af mig.

Men alting forandres ved Tid og ved Aar,
Og Kjærligheds kjølnes og Skjønhed forgaar;
Men dybt i mit Hjærte jeg føler et Saar,
som neppe kan læges ved Tid og ved Aar.

Farvel, o Farvel uforglem'lige Ven,
Vi skilles nu her, men vi findes igjen,
Vi samles hist oppe i Evigheds Land,
Hvor Løgnen og Falskhed mer skade ei kan.

Ragnhild: Song

Anders: Munnharpe

Elisabeth: Trøorgel

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild



Ei fortelling hev eg høyra

Denne visa er etter Lydia Skeie (1925) frå Eiken. I Setesdal blir visa kalla for «Garevisa» og setesdølen Olav Garen (f. 1859) blir nemnt som forfattar. I Wikipedia (<https://no.wikipedia.org/wiki/Husmannsdottera>) blir visa nemnt som «Husmannsdottera» og skal vere gitt ut som skillingstrykk på nynorsk på 1800-talet og skriven av Olav Garen (f. 1859). I Telemark blir visa nemnt som bl.a «Ein liten sann forteljing» og Guttorm Tvingelid (1844–1911) frå Seljord blir gjerne nemnt som forfattar. Dei mange variantane som finst varierer i lengde, innhald og sluttpoeng, men felles for dei seks-sju eg kjenner til, er at alle har usedvanlege vakre melodiar.

Ei fortelling hev eg høyra, eg den oppskriva vil
det var om to så unge, dei he kverandre kjær.

Det var ein rike gut, son te ein rike mann
det var ei tenestjenta, ho åtte alle' grann.

Ja, dei var bønn dei leika, dei var frå same gard
og kjærlighet i hjerta dei te kverandre bar.

Då foreldran' dei det merka, då foreldran' det forstod
at han den jenta lika, då blei der larm og låt.

Så la dei plan i stillhet, så la dei plan for han
han skulle på seminariet for å gløyma bort sin venn.

Dei åran' tvo var lange, det må du lita på
og mangt et brev ble skriva heim til si jenta snål.

Då dei åran' tvo var omme og guten heimatt kom
eksamen hadd' han fenge og karakter var ein.

Det var ein laurdagsaften han sat og glåpte ut,
då gjekk ho forbi glaset hans unga skjønna brud.

Han sagde te sine foreldre; «om de nå vil meg vel
så nektar de meg aller at eg den jenta fær.»

Ragnhild: Song

Anders: Gitar, langeleik

Elisabeth: Trøorgel

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild



FOTO: EVA KARLSSON

Unge Svegder

Kven æ de no som meg vekkje og gjere meg slik uro?

E må'kje i fre'en sova alt under den svarte jor'?

– Du talar din' ord vel. –

Kjelda til denne visa er ei notenedteikning av eitt vers (nr. 2) som Ole Mørk Sandvik skreiv ned etter Mari Hauge (1858–1943) i Eiken. Dei fleste nedteikna versjonane ber preg av den danske versjonen frå Peder Syv si visebok; «Tvohundervisebogen» eller «Kjempeviseboka» som kom ut i 1695 – som har 41 vers. I «balladearkivet» finst likevel ein tekstvariant som har mykje likskap med teksten etter Mari Hauge. Resten av stofene er henta frå denne.

Unge Svegder leiker med ein ball og kjem til å kaste den inn i buret til ei jomfru. Ho seier at han heller burde leite etter den jomfrua som ligg og lengtar etter han i eit anna land. Han dreg til moras grav og vekkjer henne opp og fortel at han har ei vond stemor. Mora gjev han ei lang rekkje magiske gjenstandar, som skal hjelpe han. Det er ein magisk båt som kan gå både på land og vatn, ein fole som også kan gå på den ville fjord, ein duk som gjev mat og eit horn som gjev drykk, dessutan eit magisk sverd.

Han reiser til eit heidensk land og får vite at det her er ei jomfru som lengtar etter ein ungersvein som heiter Svegder. Jomfrua er vakta av bjørnar og løver, men dei vik unna da han kjem. Jomfrua blir døypt til den kristne tru, og dei gifter seg. Svegder blir konge over landet.

Innleiing til «Unge Svegder», Naturmytiske balladar, digital utgåve 2016.

Henta frå: www.bokselskap.no/boker/ungesvegder/innleiing.

Oppskrift 1909 av Torkel Oftelie etter Olav Tortveit (Fyresdal, Telemark), Buffalo River, Minnesota, USA.

De var ungan Svegder,
tok han til aa kalle
so hart paa sæle moer si,
at de hørdest i hougar alle.

– Du talar dei ori væl. –

Kven æ det nå som meg vekkjer
og gjere meg slik uro,
eg må'kje i freden sova
her under den svarte jor'.

– Du talar din' ord vel. –

Kven er den meg vekkjer
aa brukar slike or,
at eg maa ikkje liggje i fre
under den svarte jor.

De er ungan Svegder,
allekjæraste sonen din,
han ville so gjønne hava gott raa
av kjære moeri sin.

Eg hev fengje ei sjukmor,
ho vil for min lagna raa,
aa ho hev lagt meg runir paa
for den eg alli saag.

Aa eg ska gjeva deg snekkja,
aa den ska vera deg go,
ho løype so lett paa den grønne eng
som ut paa den villan fjor.

Aa eg ska gjeva deg folen,
aa den ska bera deg fram,
han løype so lett paa den villan fjor
som paa den grønne eng.

Aa eg ska gjeva deg dukjen
er gjord av aaker-ull;
all den mat, du ynskjer deg
ska stande paa bore full.

Aa eg skal gjeva deg dyre honn,
dei ero lagde med gull;
all den drykk, du ynskjer deg,
ska standa for deg full.

Aa eg ska gjeva deg svære,
dei kallar for dvergemaal;
naar du gjeng i den villan skog,
de lyser for deg som eit baal.

Me de ska du uvette vega,
som du møter i høgd og lægd;
me de ska du runir døyve
og vinne deg fe og frægd.

Aa naar du den møyi møter,
som lagd er i langan traas,
daa vert du kje svikjen, kjær sonen min,
av sjukmor sitt vonde raa.

So gjenge du deg aat bure
aa ræddast kje nokon ting;
er du den rette Svegder,
so gjenge du hugheilt inn.
– Du talar dei ori væl –

Ragnhild: Song

Elisabeth: Trørgel, klarinett

Anders: Fele

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild

Nystev

Stevtradisjonen i Vest-Agder er det svært få som er utøvarar av, men det finst likevel 10–15 ulike stevtonar og fleire samlingar med stevtekstar. Desse steva er nedteikna fleire stader, men tonen har eg lært av Borghild Lover (f.1967) som relaterer denne til Finsland.

Some guda he' flust med jente,
og endå fleir' er der visst i vente.
Dei gjeng å tru' dei he' alle kjær
og fer og flagra eit bil med kver.

Some guda dei er så leie,
dei fyje jenten på alle veie.
Ja, la dei fyja så langt dei kan,
men dei ska aller få meg i fang.

Nei, bære va' det aleine bliva,
hell ta seg ein ein kunn' ikkje liga.
Nei, bære va' det aleine gå,
enn me sku trega det om eit år

Stevtonen til desse to steva skreiv Ole Mørk Sandvik ned etter Gyro K. Austegarden (1853–1927), Åseral.

Seint um hausten paa høge heia,
daa trilla taarann paa vene møya.
Seint um hausten mi flyte heim,
daa trilla taarann på mang ei møy.

Fyrst eg kjem upp paa heiann haage
ja adde nausann tykkje eg vi graate;
eg kann alli vita koss det ber ti,
eg tykkj' det græte baa ve og tre.

Stevtonen til dei to neste steva er etter Ingebjørg Liestøl (1900–1996), Åseral

Mi ungdomsglea he reint bortsvive
eg veit kje kor ho he ette blive.
Mi ungdomsglea hev fare fort,
som skodd for vind å som dogg for sol.

Å ungdomsglea æ liksum draumen;
ho reise mæ okk' som stakk i straumen.
Fysst flaumen stansa æ skyssen endt:
so kann au gleå ti sorg bli vendt.

Ragnhild: Song

Eg tente hjå ein rige dalebondemann

Slike viser som blir lengre og lengre for kvart vers, kallast «aukeviser». Denne finst i mange utformingar, kanskje best kjent som «Eg tente meg så lenge hjå ein telebondemann». Denne er etter Rachel Thomassen (1896–1961), Bjelland.

Eg tente hjå ein rige dalebondemann

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ei høna,
men bia nå litt eg må tala med deg,
eg må høyra kva høna ska heita:
«Å høna heite gildaste Kurla.»

Eg tente hjå ein rige dalabondemann,

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ein hane,
men bia nå litt la meg tala med deg,
eg må høyra kva hanen ska heita:
«Å hanen heite Skrigongal,
og høna heite gildaste Kurla.»

«Eg tente hjå ein rige dalebondemann

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ein sau,
men bia nå litt la meg tala med deg,
eg må høyra kva sauen ska heita:»
«Å sauen heite Duskeklauv, og hanen heite
Skrigongal,
og høna heite gildaste Kurla.»

«Eg tente hjå ein rige dalebondemann

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ei geit,
men bia nå litt eg må tala med deg,
eg må høyra kva geita ska heita:»
«Å geita heite Raggefjell, og sauen heite Duskelauv,
og hanen heite Skrigongal,
og høna heite gildaste Kurla.»

«Eg tente hjå ein rige dalebondemann

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ein gris,
men bia nå litt eg må tala med deg,
eg må høyra kva grisen ska heita:»
«Å grisen heite Gryntekro, og geita heite Raggefjell,
og sauen heite Duskelauv, og hanen heite Skrigongal,
og høne heite gildaste Kurla.»

«Eg tente hjå ein rige dalebondemann,

– Godt ville gjeva –
så ga' han meg ei ku,
men bia nå litt eg må tala med deg,
eg må høyra kva kua ska heita:»
«Å kua heite *Klamrihonn, og grisen heite Gryntekro,
og geita heite Raggefjell, og sauen heite Duskelauv,
og hanen heite Skrigongal,
og høna heite gildaste Kurla.»

«Eg tente hjå ein rige dalebondemann,

– Godt ville gjeva –
men bia nå litt eg må tala med deg,
eg må høyra kva hesten ska heita:»
«Å hesten heite Renneklamp, og kua heite *Klamrihonn,
og grisen heite Gryntekro, og geita heite Raggefjell,
og sauen heite Duskelauv, og hanen heite Skrigongal,
og høna heite gildaste Kurla.»


**Thomassen syng «Klurigås» som namn på kua, men ho har truleg forveksla her fordi det vanlegvis er ei nemning for gåsa. «Klamrihonn» er derfor nytta som namn for kua som i mange andre versjonar av visa.*

Ragnhild: Song

Anders: Munnharpe

Elisabeth: Trøorgel, sekkepipe

Arr: Anders, Elisabeth, Ragnhild



I grew up in Songdalen in the county of Vest-Agder, but have lived in the neighbouring county of Telemark since 1989. In Telemark the folk song tradition prospers perhaps more than anywhere else in the country, and I gladly sing their great songs. Nevertheless, I feel more at home in the song material from Agder, and there is so much to work on. In Vest-Agder in particular there are very few people who sing the old songs and verses.

I have been lucky enough to meet old singers with their own distinctive style. My repertoire therefore originates directly from older singers, from archive recordings and from older sheet music. With this project I wish to inspire people to use the material and urge them to look for even more material. There is an endless treasure of songs that need to be revived.

My cooperation with two passionate multi-

instrumentalists started out as a series of concerts in connection with my book «Folkesong i Vest-Agder», published by the Vest-Agder county administration at Portal publishing house in 2016. Along with the book came two CDs with different types of songs.

Luckily there are others who are inspired by the beautiful melodies as well, and good neighbours are always a blessing. Only a short walk from my house I found no other than Anders Erik Røine (b. 1971)! He is a fountainhead of great new ideas, and can play whatever he lays his hands on, often in uncommon ways – like using a bow on a guitar. On this CD he plays guitar, Norwegian zither, Hardanger fiddle and Jew's harp. One of Anders' many musical partners is Elisabeth Vatn (b. 1973) from Oslo. One phone call and Ragnhild Furholt trio was a reality! Elisabeth plays piano and harmonium, and she is one of very

few people in Norway who plays a Swedish/Nordic bagpipe. We mostly use the harmonium here, but also clarinet, Meråker clarinet and carimba. Both Anders and Elisabeth have participated on different CD projects with folk music and music that cross different stylistic genres. They are both solidly rooted in the folk music genre, but at the same time they bring in something new. All this makes me feel at home when it comes to geography, genre, music and sound.

A big thank you to Tor Magne Hallibakken at Hallibakken studio for his great cooperation and for placing his home at our disposal! Thank you also to Eva Karlsson Design for her design work and her great patience!

Bø, 2018

Ragnhild Furholt

- 01 Når vårevinden suser 2:54
- 02 Rosensfolen 5:21
- 03 Espelandsjenten' 1:24
- 04 Du lille skare 4:10
- 05 Å gjev eg var heime 1:47
- 06 Nøkken 6:03
- 07 Gjest Bårdsens kjærlighetsvise 3:13
- 08 Ei fortelling hev eg høyra 5:05
- 09 Unge Svegder 4:47
- 10 Nystev 2:37
- 11 Eg tente hjå ein rige dalebondemann 3:17